



Vikøy sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

tysdag 2. april 2019 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje

Frammøtte:

Ingvill Sørheim, Eimund Solsvik, Edmund Tolo, , Kari Bente Valland Træbakken, Gudrun Skeie Langeland , og Siri Moripen Øverland,

Rebecca Opsahl-Engen, permisjon

Roar Strømme og Astrid Helleve Fylkesnes, Odd Øygarden og Arvid Strømme møtte ikkje

Arnfinn Hopland møtte som vara

Opning v/ Gudrun

Sak 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, - og referat frå møtet 5.mars

Innkalling godkjend og referat godkjend med merknader om at ang SAK 12/19 gjekk godtgjersla til Kirkens Bymisjon, ikkje Frelsearmeen.

Sak 21/19 Orienteringar

- Det var gode tilbakemeldingar frå foredraget den 21. mars, men svært få framømte(24stk)
- «Ein god dag» -arrangementet har vore støtta opp om frå kyrkjelyden. Onsdag 24 april og Laurdag 27 april vil dette gå føre seg. Grannehjelpa har også på si heimeside orientert om at dei også formidlar avtalar med leiinga. Det vert oppmoda til kvar enkelt om å delta. For dei eldre er det primært laurdagen som gjeld tur med folk på Toloheimen etc.
- Fellestrådsømte, det er eit underskot pga ny fyrkjel dette året. Dette vert eigentleg innspara på om lag 3 år ved reduksjon i straumgifter(ca 10000 NOK per månad). Gudstenester i påska var tema, og eit oppsett for alle sokna vil verta lagt fram.
- Odd Øygarden har delteke i eit samrådsømte med Indremisjonen i Norheimsund og Øystese.
- Tweens og Legoklubb er gode tiltak som er godt i gang denne vinteren og som har fått gode tilbakemeldingar.
- Mampion er no ferdig med masterutdanninga og starta sitt arbeid i starten av mars.
- Diakonstillinga er lyst ut, men det er enno ikkje kome søkjarar til stillinga.

Sak 22/19 Nominasjon til soknerådsvalet

- Det har vore møte for soknerådsleiarane og det vert meldt om at det er vanskeleg å få folk til å stilla på lista, også i dei andre sokna.
- Det vart delt ut lister med kandidatar.
- Så langt har vi for Vikøy sokn funne 7 kandidatar som har takka ja.
- Vi skulle hatt fleire og arbeidet går vidare.

Sak 23/19 Gudsteneste i Vikøy kyrkje 31.desember

- Det vert føreslått at denne kan haldast kl 18 i håp om større framømte.
- Dette er gjerne betre med tanke på fred i samband med å stella med graver i god tid før rakett-skytinga startar
- Alternativt kan denne arrangerast som lek gudsteneste dersom tilgang på prest er eit problem.

Sak 24/19 Konfirmantfesten 25.april

Samtalegudstenesta startar kl. 18.

Frammøte kl 17.00 for oss i soknerådet.

Praktisk ansvar:

- Mat
- Det var i fjor bestilt til 85 personar, dekkta til 92, men frammøtet var ca 110.
 - o **Kari Bente** har gjeremålsliste frå i fjor
 - o Det vert bestilt hjå Marit Botnen etter same mal som i fjor , - **Kari Bente**. Med levering kl 18.30
 - o Oppstilling av bord vert gjort på førehand. Teikning av dette basert på fjorårets oppsett vert brukt. **Kari Bente** gjev til **Frankie/Ingvill**.
 - o Songark ordnar **Gudrun**
 - o Quiz eller annan leik. **Eimund/Ingvill**
 - o Spørje organist/ pianist for spelning i samband med sjølve matstunda. **Gudrun**.
 - o Is/isskeier/Fun-saft bringebær/og peanøtter vert kjøpt inn. **Ingvill./Kari Bente**.
 - o Pynting serviettar, lys blomar etc. **Gudrun/Kari Bente**
 - o Festleing **Ingvill**.
 - o Me prøver å få til ei grovpåmelding under foreldremøtet 3. april **Ingvill/Edmund**

Sak 25/19 Konfirmasjon i Norheimsund kyrkje 5.mai

Praktisk ansvar:

Det er ei gudstenest kl 10 og ei kl 12 den 5.mai, begge i Norheimsund

- Medhjelparar må ordnast , Ingvill.
- Inne i kyrkja
- Merking av benkar for familiane bør vera på plass slik at dei er sikra plass nokolunde framme.
- Parkering: **Morten Langeland, Odd Træbakken, Eimund Solsvik** organiserer dette og hentar hjelp hjå **Arvid Strømme**

Sak 25/19 Eventuelt

- Det var ingen saker under eventuelt

Neste møte er 18 . juni 2019, kl 18.00

Edmund Tolo, referent